

RADØY KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Delegert frå plan, landbruk og teknisk	21.09.2011	243/11	ANT

Avgjerslemynde: Sakshandsamar: Asbjørn Nagell Toft	Arkiv: GBNR-22/12, K2-V83 Objekt:	Arkivsaknr 11/721
---	---	-----------------------------

GNR 22/12 RIKSTAD - LØYVE TIL OPPRUSTING/VEDLIKEHALD AV LANDBRUKSVEG - NESET

Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	16.07.2011	Jostein Jacobsen	Gnr 22/12 Rikstad - søknad om bygging av landbruksveg - Neset
2	U	26.07.2011	Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland Fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga	Gnr 22/12 Rikstad - søknad om opprusting av eksisterande landbruksveg - Neset- Uttale
3	I	13.09.2011	Hordaland Fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga	Gnr 22/12 Rikstad - fråsegn om kulturminne

Saksutgreiing:

Det vert søkt om opprusting av landbruksveg/bilveg på "Neset" på Rikstad. Formålet med vegen er tredelt:

1. Vegen gjeld for tilkomst til landbruksareala på Neset. Vegretten gjeld 4 interessentar.
2. Vegen vert nytta som tilkomst til fritidshus.
3. Vegen vil gje betra tilkomst til jordbruksareala for den gradbrukaren som driv jorda.


Det er søkt om bygging av veg i klasse 7, som er heilårs traktorveg. Vegbredda vil verta 3 meter, inkludert skuldar på kvar sida. Om lag 40 dekar landbruksareal har bruk for denne landbruksvegen driftsmessig

Landbruksvegen er bygd allereie, men på grunn av dreneringsmessige årsaker så må den utbetras not. Måling på kart viser at denne er om lag 200 meter. Det vert ikkje bygd ny veg her.

I dette kulturlandskapet må ein etter utbetringa få fine skråningar og ha tilsåing for å dekke over sår i landskapet. Murar langs vegen må takast vare på der det let seg gjera.

Det er ikkje kjende miljøverdiar eller kulturminne som skulle tilseie at ein ikkje gjer samtykke til bygging av denne vegen. Radøy kommune er positiv til søkanden om opprusting av denne landbruksvegen. Radøy viser til fråsegna til Hordaland fylkeskommune under og sluttar seg til innhaldet i det.

Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy
Radøyv. 1690
5936 MANGER



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201108915-2/713.T04/OYSSKA

Dykkar ref.:
11/721-2

Bergen, 13. september 2011


Fråsegn om kulturminne. Rikstad gnr 22 - 12 - Opprusting av eksisterande landbruksveg - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 26.07.11 i hove opprusting av eksisterande landbruksveg på Rikstad, gnr 22, bnr 12, Radøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i tiltaksområdet. Vi har derfor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under utbetring av vegen sokjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk.

Elles gjer vi merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle stoyta på automatisk freda kulturminne jf. kulturminnelova § 8, 2.

Venleg helsing



Per Morten Ekerhøvd
fylkeskonservator



Øystein Skår
arkeolog

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I høve til "Forskrift om planlegging og godkjenning av veger for landbruksformål", fastsett av Landbruksdep. 20 des. 1996, godkjenner Radøy kommune opprusting av landbruksveg i høve til søknad.

1. Landbruskvegen skal opprustast slik at den vert godkjend i høve til vegnormalar for vegklasse 7.
2. Skjeringar og fyllingar må bli jordslått og sådd til for å dekke over sår i landskapet.
3. Veganlegget, inklusive etterarbeidar skal verte godkjend av landbrukskontoret skriftleg før arbeidet vert rekna som avslutta.
4. Samtykket gjeld i tre år frå vedtaksdato.

Dersom det under arbeida kjem fram spor av fornminne under arbeida, pliktar tiltakshavar å melde i frå til Hordaland fylkeskommune, jf kulturminnelova § 8.

DPLT. 242/11: Vedtak om endring av adressetildeling - Bogno Sakshandsamar: HAS

Vedtak:

Radøy kommune har i samsvar med gjevne retningsliner gjort følgjande adresseendring:

Matrikkelnr	Adressenavn	Tidlegare tildelt husnummer utgår	Nytt tildelt husnummer
1260-94/3, 94/55, 94/56	Bogno	44,49,53	49,51,53

Vedtaket er gjort i medhald av *Lov nr 70 av 23. juni 1978 om kartlegging, deling og registrering av grunneigedom (delingslova) § 4-1* og tilhøyrande forskrift pkt 15, og felles kommunale retningsliner til lovheimelen for kommunane i regionen Nordhordland og Gulen.

DPLT. 243/11: Gnr 22/12 Rikstad - løyve til opprusting/vedlikehald av landbruksveg - Nese Sakshandsamar: ANT

Vedtak:

I høve til "Forskrift om planlegging og godkjenning av veger for landbruksformål", fastsett av Landbruksdep. 20 des. 1996, godkjenner Radøy kommune opprusting av landbruksveg i høve til søknad.

1. Landbruskvegen skal opprustast slik at den vert godkjend i høve til vegnormalar for vegklasse 7.
2. Skjeringar og fyllingar må bli jordslått og sådd til for å dekke over sår i landskapet.
3. Veganlegget, inklusive etterarbeidar skal verte godkjend av landbrukskontoret skriftleg før arbeidet vert rekna som avslutta.
4. Samtykket gjeld i tre år frå vedtaksdato.

Dersom det under arbeida kjem fram spor av fornminne under arbeida, pliktar tiltakshavar å melde i frå til Hordaland fylkeskommune, jf kulturminnelova § 8.

DPLT. 244/11: Gnr 74/21 Olsvoll - søknad om løyve - industri/næringsbygg - rammeløyve/igangsetjingsløyve grunn og terrengarbeid Sakshandsamar: TLI

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune, og gebyrregulativ vedtatt i kommunestyret den 24.06.10, vert det gjeve rammeløyve for oppføring av industribygg, samt igangsetjingsløyve for grunn og terrengarbeid, i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1 og 23-3 på følgjande vilkår:

DPLT. 245/11: Gnr 14/74, 93 Soltveit/Valdersnes - utsleppsløyve Sakshandsamar: ANT

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune, og gebyrregulativ vedtatt i kommunestyret den 24.06.2010 vert det gjeve utsleppsløyve til slamavskiljar i medhald

